

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2015/10661-165

Vår ref
16/5888-

Dato
22.09.2016

Svar på søknad om restmidlar frå øyremerkte midlar til kulterkort for ungdom

Vi viser til søknad 31. august 2016 om å få nytte restmidlar kr 48 515 som tidlegare er løyva av staten øyremerka Kulterkort for ungdom, til kulturtiltak for ungdom i regi av UKM.

Føremålet med Kulterkort for ungdom var å få ungdom til å nytte kulturtilbod oftare og å rekruttere nye publikummarar i aldersgruppa 13-20 år. Kulterkortet skulle gi ungdom billegare billetter til eit brent spekter av kulturarrangement. Siste tilskot til Hordaland fylkeskommune var kr 215 000 i 2013, og ordninga blei avvikla i 2015.

Det går fram av vedlagte kopi av tilskotsbrev med retningslinjer for tilskotet at dersom dei faktiske utgiftene har vore lågare enn budsjettet, vil dei overskytande midlane bli kravd tilbakebetalt. På denne bakgrunn og i samsvar med tidlegare praksis må vi avslå søknaden.

Vi ber difor fylkeskommunen overføre kr 48 515 av restmidlane frå Kulterkort for ungdom 2013 til Kulturdepartementet, Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo, bankkontonummer 7694.05.00253. Det må gå fram at innbetalinga skal godskrivast kap. 320, post 60. Melding om tilbakeføringa med referanse til kap. 320, post 60 må også sendast Kulturdepartementet.

Med helsing

Vidar Øystein Strand (e.f.)
avdelingsdirektør

Janne Gro Rygg
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.